

BILAG TIL

BOLSJEVIK

MARS 1990

I dette bilaget vil du finne to innleingar om REVOLUSJONÆR STRATEGI FOR 90-ÅRA. Begge desse innleingane vart holdt på Sentralstyret sitt siste møte.

Innleingane er skreve av Anne og Ada, og dei fortel mykje om kor usemja i Sentralstyret står.

*Frem for arbeiderklassens
parti!*



RØD UNGDOM FRAMOVER

-Hva er Rød Ungdom sin oppgave ?

Av Anne

-Hva slags grunnlag skal vi ha ?

Norge er et kapitalistisk land,-med et klasse delt samfunn.Borgerskapet hersker over, og utbytter arbeiderklassen.I dag skjærper klassemotsigelsene seg i Norge, og fler steder i verden.

Borgerskapet er på offansiven i Norge.

*De permitterer og sier opp bygningsarbeidere,på tross av at det er bolig mangel.

*De legger ned sjukehusplasser og andre offentlige institusjoner, samtidig som det er et skrikende behov. Og det finnes arbeidere til å gå inn i stillingene.

*Borgerskapet har ikke lenger råd til å opprettholde den nord norske landsdelen,-for det lønner seg ikke.

*Færre og færre asylsøkere slipper inn i Norge,- udemokratisk behandling av søknader,-og mistenkliggjøring og trakasering møter de når de kommer innafor norske grenser.

Det kan nevnes eksempler i fleng - som viser at borgerskapet kjører en offansiv mot arbeiderklassen både på det økonomiske,-og demokratiske planet.De ønsker å tilrøve seg mer profitt,- og øke utbyttinga.

Men makthaverne (både politikere og kapitalister) får merke at folk i Norge ikke bare sitter og nikker. Borgerskapet har ikke vist de mest tillitsvekkende sidene av seg sjøl i det siste.

1. Diverse korrupsjonssaker i en rekke kommuner.

2. I hele år (og en del år før det igjen) har folk i Norge fått høre om at vi må stramme inn, - for samfunnet og norske bedrifter har dårlig råd. Dette har vi merka gjennom mindre i lønningsposen, stor arbeidsløshet og økt press og effektivisering på arbeidsplassene.

Men sannheten er at Norge som land, og de store norske bedriftene har gått med milliard overskudd. Deler av Norge er søkk rikt, - men styresmaktene tar ansvar for at de som har mye fra før - skal få mer nå.

Men dette er ting som ikke går ubemerka forbi folk.

Vi er oppvokst i et land der velferdsstat, velferdsgoder, sosial trygghet - har vært kjent uttrykk.

Dessuten er arbeiderklassen i Norge - godt klar over at det er folks arbeid som er grunnlaget for borgerskapets rikdom. Det er klassebevissthet - som finnes på tross av arbeidernes organisasjon - LO.

I dag ser vi opprør på mange fronter i Norge.

*Nord-Norge med streiker, konferanser.

*Blandt de offentlige ansatte, som tar ansvar for brukere av offentlige tilbud: barnehager, sjukehjem, skoler, o.s.v.

*Blandt brukere av offentlige tilbud: eldre som streiker, foreldre i barnehager, skoleelever og studenter.
*Og vi ser mye opprør blandt ungdom på flere områder - natur og miljø kamp, anti-rasistisk arbeid, o.s.v.

Alle disse gruppene stiller store spørsmåls tegn ved styresmaktens evne til å styre. Og de stiller krav mot profitt, -for at folks behov skal være de gjeldene i samfunnsplanlegginga, -og for fordeling av penga.

Men i krisetider, -økonomiske nedgangs tider for folk flest, -er ikke sterke og bra opprør fra folk, mot politikere og borgerskapet den eneste reaksjonen. Folk blir pressa til å lage seg private løsninger. Den som karrer til seg mest, -får det best.

Splitt og hersk blir effektivt og bevisst brukt. I Antenne 10 for en stund sida, uttalte en Høyre politiker at ved innføring av ny sjukelønnsordning (der man ikke får utbetalt full lønn når man blir sjuk) ville samfunnet spare 10,3 milliarder kroner, -som kunne trenges veldig i eldre omsorgen.

Han satte sjukearbeidere opp mot gamle folk.

På grunnlag av sånne ting kan stakk reaksjonære meninger og praksis bli alternativ for folk.

Når klassemotsigelsene skjærper seg, og folk får det værre, -utpekes som oftest en fiende.

Fienden som pekes ut bør være staten og borgerskapet.

Men opptil fler ganger i historia har vi sett at:
-innvandrere er blitt ansvarliggjordt i forhold til at de har "tatt" jobber til ^vnødmenn.

- "forsørga" kvinner er blitt beskyldt for å ha tatt jobbene fra arbeidsløse menn.

-skoleelever/ungdom blir beskyldt for å ta ressurser fra de eldre

o.s.v.

En splittelse i arbeiderklassen ville være det mest ønskelige for borgerskapet nå. Da ville ikke arbeiderklassen klare å samle seg til en felles kraft mot den virkelige fienden : kapitalen og borgerskapet.

Rød Ungdom og AKP-ml er ganske så enestående i norsk historie. Vi er det eneste politiske partiet som sier at arbeiderklassen i Norge er no[^]mer enn en folkemasse som ser på video og sitter hjemme i sofaen.

Som et kommunistisk parti mener vi tvert i mot at arbeiderklassen i Norge er en drivanes kraft i klassekampen i samfunnet. Det kan vi si utfra praksis og erfaring fra kamper.

Vi er det eneste partiet som ser på arbeiderklassen som viktig/ og den viktigste krafta i å forandre samfunnet fra kapitalistisk, til sosialistisk -og senere kommunistisk samfunn.

For å oppsumere litt til nå:

-det finnes klasser.

-klassemotsigelsene, -og kampene rikernes i dem.

-Arbeiderklassen er den viktigste krafta i kampen mot borgerskapet.

-Folks kamp i dag er grunnlaget for senere revolusjon.

DETTE ER ET VIKTIG OG RIKTIG UTGANGSPUNKT VI HAR NÅR VI SKAL JOBBE POLITISK I NORGE.

Det går ikke automatisk at folk stiller og kjemper for bra og samfunnssprengende krav. Det går ikke automatisk at folk kjemper mot borgerskapet.

Det har alltid vært motsigelser i arbeiderklassen om å velge et reformistisk eller revolusjonært grunnlag å stå på.

Det har også vært tider der arbeiderklassen har vært samla for fascistiske krav og praksis.

"Revolusjonær forståelse vokser ikke opp av fabrikk gulvet." sa Lenin. Det er helt riktig, og det gjelder i dag som før.

Vår viktigste rolle i dag er å være med i og delta i kampene, -og tilføre kommunistisk teori. Dra kampene til venstre. For de kampene som er i dag, -folk som kjemper i dag, - er grunnlaget for en senere revolusjon i Norge.

Men like så viktig som å tilføre teori, og dra kampene mot venstre - er å hente og lære av alle de erfaringene folk har. For det er utfra disse erfaringene vi kan lære hvordan et nytt samfunn bør organiseres. Sosialismen kan ikke utvikles, og ikke bli riktig, når AKP-m1 og RU

i dag sitter på møter og tenker hvordan ting kan bli seende ut. Det er kun gjennom å delta i arbeiderklassens kamp, -og lære en haug med erfaringer, at vi sammen med folk i Norge vil ha no vettugt å melde på det.

Vårt mål har vært revolusjon, sosialisme og kommunisme. Kun gjennom en sosialistisk revolusjon vil arbeiderklassen ha mulighet til å bli den herskende klassen. I Norge i dag finnes det et parti som sier dette, og det er oss. Jeg mener det fortsatt trengs et AKP og RU som bruker erfaringer fra andre revolusjonære, som Lenin, Marx og Mao.

Vi har dratt ut viktige revolusjonære erfaringer og prinsipper fra andre, -men har utviklet dem på norske forhold. Proletariseringskampanja til AKP-m1 var et viktig skritt for at AKP skulle bli et kommunist parti, som var på linje med den norske arbeiderklassen.

Dette var en viktig erfaring, -som det hadde vært lurt å tørke støv av idag.

Men så kan man lese i avisene at nå kar sosialismen- og kommunistpartier fått sitt dødstøt. Folk i Øst-Europa har gjortt opprør mot det såkalte sosialistiske systemet, og de kommunistiske lederne.

Det er kjempe flott at folk har gjortt opprør og revolusjon mot undertrykker systemer og korrupte ledere. I Norge er det AKP og RU som har vært mest konsekvente i å avise samarbeid med disse landa. Vi har pekt på undertrykkelsen av folk, og mangel på sosialisme/folkestyre og demokrati i Sovjet og de Øst-Europeiske landa. AKP burde vært mest forberedt nå bya som glødelig

skjedde og skjer i disse landa.

Det er alltid en bra ting når folk gjør opprør mot udemokratiske ledere og systemer,-samme hva de kaller seg. Styrene og lederne i Øst - Europa hadde en praksis som var fjern fra hva en sosialistisk og kommunistisk praksis er..Derfor burde det ikke være et problem for oss det som har skjedd i Øst-Europa.. Tvert i mot viser det igjen-at når folk går sammen å kjemper samla-kan de styrte det gamle styret og overta sjøl.

At folk i Norge tror at sosialismen og kommunismen er styrtet,-er en anna ting.Det sier mye om hvor AKP befinner seg.Kun gjennom å være blandt folk,-i kamper og på jobb,skole,-kan vi få diskutert det spørsmålet med folk.Det holder ikke at noen av partiets intelektuelle bli dratt inn i radio og TV for å avklare AKP sitt syn på det.

HVOR GÅR VI FRAMOVER, HVA SKÅL VI VÆRE??

Jeg ønsker meg et sterkt og aktivt Rød Ungdom.

Vårt mål må være å styrte kapitalismen,så revolusjon - sosialisme og kommunisme. Kun med dette som grunnlag vil vi ha et riktig utgangspunkt når vi i dag jobber politisk. Vi må være et arbeiderklasse parti,og vi må være et internasjonalt parti. Vi må bygge på Marx sin analyse av kapitalismen.Lenin sin imperialisme teori - og Mao sin 3 verden teori.

En av de viktigste tingene som er blitt tilført kommunistiskteori er Mao sine teser om praksis og masselinje. Disse MÅ være grunnleggende i vår organisasjon.

For å bygge Rød Ungdom og partiet mener jeg vår viktigste strategi i dag må være PRAKSIS. Vi må ut å jobbe blandt folk - delta og styrke kamper - hente erfaringer fra arbeiderklassen, -og bruke erfaringer for å styrke kampen igjen. Blir ikke dette det viktigste framover - vil ml-bevegelsen bli en sekterisk prateklubb, -som ikke vil ha noe å melde i Norge. Vi vil bli uinteressante - og ikke minst ufarlige for kapitalen og borgerskapet.

Vårt mål er å styrte kapitalismen, det betyr at vi er, og vil være en trussel for borgerskapet. Er vi ikke det, -er det ikkr noe vits i oss.

Vi må organisere oss - så vi er mest mulig slagkraftig mot borgerskapet. Demokratisk sentralisme har vært den beste organisasjons metoden hittil. Og jeg kan ikke se at samfunnet har forandret seg - så det trengs en annen struktur i et kommunistisk parti som kan fungere så bra som demokratisk srntralisme.

Demokratiet er grunnlaget for at det skal fungere. Det er medlemmene som skal legge premissene for hva organisasjonen skal jobbe med. Et flertallsvedtak som er fattet etter grundige og demokratiske diskusjoner, - må alle følge.

Individet må underordne seg flertallet/kollektivet. Dette er et grunnleggende prinsipp - ellers vil arbeidet vårt bli spredt over like mange felt som personlige interesser medlemmene har.

Det vil i praksis bety at RU vil bety null i kamper som drives - og anna politisk arbeid.

For å styrke RU i dag,-er det en god del som må gjøres.

I første rekke som jeg har nevnt tidligere -er praksis i norsk klassekamp avgjørende. Det er avgjørende for om vi fortsatt skal være et klassekamp parti.

Det må bety at de viktigste diskusjonene i RU bør være:
-hvilke kamper er de viktigste ungdom kjemper nå?
-hvilke kamper skal RUere som kommunister delta i - og ha som mål og lede?

Tar ikke RU disse diskusjonene på alvor,-og gjennomfører en skikkelig diskusjon som ender ut i et vedtak der organisasjonen vil fungere samla i både ord,-men ikke minst praksis. Hvis ikke det skjer etter landsmøtet- vil RU ha lite å gjøre i det norske samfunnet.

Jeg mener det er to områder RU skal ta mål av seg å jobbe på fra landsmøtet av:

1. Skolepolitikk
2. Anti-rasistisk arbeid.

Det er ikke likgyldig for hvordan det norske samfunnet utvikler seg, om folk er splitta - eller står samla mot borgerskapet sin offansiv.

Kommunister sitt arbeid i fronter, og kamper vil være avgjørende-både i dag-og i framover mot en sosialistisk revolusjon. De tingene kan ikke sees på adskilt.

Revolusjonær strategi for 90-ara

Eg har lyst til å byrje denne innleiinga med to bilete av Raud Ungdom. Det eine biletet viser Raud Ungdom slik eg meiner vi er i dag, det andre viser korleis eg vil ha Raud Ungdom:

Utgangspunktet er Mona, 15 år. Ei radikal, opprørsk jente som har lyst til å gjere noko i praksis med det ho meiner.

1. Raud Ungdom i dag.

Mona kjem i kontakt med Raud Ungdom gjennom at ho kjenn ei i klassen sin som er med i Raud Ungdom, i tillegg til at ho av og til ser Raud Ungdom på stand når dei sel Rebell. Det hend også at Mona ser folk ho veit er med i Raud Ungdom i ulike aksjonar og demonstrasjonar.

Mona blir litt interessert, og ber om å få fleire opplysningar om Raud Ungdom. Ho får då tilbod om å bli med på Bøllekurs eller studiesirkel. Mona byrjar på Raud Ungdom sin studiesirkel, og er samd i veldig mykje av den politikken som blir lagt fram der.

Ho spekulerar på å melde seg inn i Raud Ungdom, og ber om å få meir informasjon. Ho får då tilbod om å kjøpe eit av dei offentlege programma til Raud Ungdom, og ho får utdelt vedtektene til Raud Ungdom.

Ho får også vite at Raud Ungdom har noko som heiter sikkerheitspolitikk, som gjer at det er veldig mykje ho ikkje kan få vite før ho meld seg inn. Planane til Raud Ungdom er hemmelege, medlemsbladet er hemmeleg, og kontingentsatsane er hemmelege.

Mona melder seg inn i Raud Ungdom, og blir då med i eit lag. Ho kjenner ingen på førehand, utanom ho som går i klassen hennar. På lagsmøta er det av og til ei innleiing med diskusjon, men veldig mykje av tida går med til praktiske opplysningar, kontingentsinnsamling og slike ting.

Dei aktivitetane som Raud Ungdommarane driv med, organisert i stor grad utafør laget, og kva folk blir med på er mykje avhengig av kven som kjenner kven. Det same gjeld dei sosiale aktivitetane, og Mona syns det er vanskeleg å bli skikkeleg kjend med RU-arane.

Mona blir etter ei tid spurt om å vere med i lagsstyret, og seier ja til det. Ho får då i oppgåve å gå rundt med innkallingar til medlemmane, samle inn kontingent og finne stader der lagsmøta kan vere.

Etter ei tid går Mona trøyt av dette, og byrjar å vanke i andre miljø som er meir opne for nykommarar, og kor det går an å bli "med" utan å kjenne "dei rette folka" heile tida. Ho syns også at Raud Ungdom blir vel byråkratisk i lengda; Mona har lyst til å aksjonere og diskutere utan alt for mykje dikkedariar rundt det heile.

Mona legg merke til Raud Ungdom overalt kor ho kjem. På skolen, i aksjonar og på opne møter, på veggjar og i avissspaltene markerar Raud Ungdom seg mot marknadsøkonomien og for sosialismen i Noreg.

Raud Ungdom er i spissen for ein kvar aksjon og demonstrasjon, og i klassen til Mona går det to-tre Raud Ungdommmarar som still spørsmål ved det meste av det som blir sagt. Kvar gong det skjer noe der Mona bur, er Raud Ungdom ute med ein løpeseddel eller eit avisinnlegg. Og Mona kan mest ikkje snu seg utan å få tilbod om å kjøpe Rebell eller å bli med på eit av Raud Ungdom sine opne møter. Raud Ungdom arrangerar kvar månad opne møter, med alkoholfri fest etterpå.

Sjølv om Mona syns at Raud Ungdom er litt ekstreme, har ho lyst til å vite litt meir om kva dei står for. Ho syntes det var innmari stillig då Raud Ungdom hadde aksjon mot bygginga av det nye kjøpesenteret i sentrum, og viste kva desse pengane kunne ha vore brukt til i staden. Mona er samd med Raud Ungdom når dei seier at det må vere noko sjukt med eit samfunn som brukar meir på å byggje butikkar som ingen har bruk for enn på helsevesen og skoleplassar til saman.

Mona får tilbod om å bli med på Bøllekurs, studiesirkel eller Stå-Saman-kurs i Raud Ungdom. Ho byrjar på ein studiesirkel, og er samd i veldig mykje av den politikken som blir lagt fram der.

Ho spekulerar på å melde seg inn i Raud Ungdom, og ber om å få meir informasjon. Ho får då utdelt Raud Ungdom sin verveløpeseddel, kor programmet til Raud Ungdom, planane til Raud Ungdom og vedtektene til Raud Ungdom står.

Mona er samd i Raud Ungdom sitt program og vedtekter, og melder seg inn i organisasjonen. Ho blir då med i eit lag, med 20-25 medlemmar i. Ho kjenner ingen på førehand, utanom dei som går i klassen hennar og har vore med på sirkelen. Men ho oppdagar at det er ganske lett å bli kjend med folk.

På lagsmøta har Raud Ungdom noko dei kallar "bølleregjar", som går ut på å motverke herskertechnikkar, og gje folk positiv respons på det dei seier og gjer. Alle nye medlemmar blir skikkeleg presentert for dei andre, og får tilbod om å vere med på nokon av dei mange aktivitetane som drivast gjennom laget.

Lagsmøta blir halde ein gong kvar månad, og blir i si heiling brukt på politiske diskusjonar og studiar. Medlemmane får utdelt førebuingmaterieell, og det blir halde ei innleiing med spørsmål til diskusjon.

Mellom lagsmøta blir det halde litt kortare møter som går meir på å ordne opp i praktiske ting, informere og samle inn kontingent. Dei ulike aktivistgruppene har også samlingar på desse møta.

Laget er delt opp i ulike "aktivistgrupper"; i laget til Mona er det ei skolegruppe, ei jentegruppe, ei anti-rasistisk gruppe og ei miljøkampgruppe, i tillegg til ei "studiesirkelgruppe" og ei Rebellgruppe.

Mona blir med i jentegruppa, som driv med bøllekurs, jentefrontarbeid og arrangerer opne møter om jentekamp. Jentegruppa er også med i eit nettverk med andre jentegrupper i Raud Ungdom, slik at dei får vite kva som skjer andre stader, og kan få diskutert med andre folk rundt i landet undervegs.

Mona blir etter ei tid spurt om å vere med i lagsstyret. Ho er litt redd for at ho ikkje skal klare den oppgåva, men då får ho tilbod om å få ei støttegruppe frå jentegruppa. Dessutan skal ei av dei andre jentene i jentegruppa stille til styret, slik at dei blir to som veit dei kan jobbe saman.

Styret har ansvaret for å førebu dei politiske lagsmøta, og diskuterar alltid gjennom innleiinga på førehand. Det er som regel ein frå laget som held innleiinga, og når det er temamøter er det "aktivistgruppene" som har ansvaret for innleiinga. Styret har også ansvaret for dei opne møta/festane, og for dei leirane og seminara laget arrangerar. I tillegg har styret ansvaret for økonomien til laget.

Mona syns ho lærer mykje av å sitje i lagsstyret, og ho syns ho har mykje å bidra med i diskusjonane i styret. Ho hadde på førehand vore redd for at det skulle bli for mykje å gjere med både jentegruppa og styret, men ho syns i staden at det er ei styrke å vere med både stadene. Styret sine viktigaste oppgåver er jo tross alt å markere og synleggjere Raud Ungdom, og Mona syns det er viktig at jentekamp er ein av dei viktigaste tinga Raud Ungdom er med på å synleggjere.

* * * * *

Vel, eg trur eg avsluttar "glansbiletet" der. Eg trur eg skulle ha fått poenget klårt nok fram som det er. Resten av innleiinga skal eg bruke til for det første å grunngje korfor eg meiner Raud Ungdom treng å forandre seg ved inngangen til 90-åra, for det andre å leggje fram nokre tankar om kva endringar som trengst - og kva type vedtak eg ønskjer at landsmøtet skal gjere.

Eg meiner altså at Raud Ungdom er altfor "stivbeint", byråkratisk og "skoleflink" i dag. Vi har uklåre mål for kva vi vil få til, og vi har ein struktur og "vanar" som gjer det vanskeleg å forandre og fornye oss sjølve. Og eg meiner at vi treng sårt til ei fornying. Om vi held fram som vi stemnar i dag ser eg ikkje at vi kan overleve som noko anna enn ei mini-sekt i Oslo og nære omland.

Som eg sa i forrige innleiing (BV nr 1 1990) så meiner eg at Raud Ungdom i stor grad har hatt ein "overlevingsstrategi" på 80-talet. Denne overlevingsstrategien kan i stor grad forklarast med korleis røynda utafor Raud Ungdom har vore på 80-talet.

Men i dag skjer det store endringar i denne røynda, og dei siste åra meiner eg at "vanane" våre har vorte eit hinder for å kome vidare. Raud Ungdom må frigjere seg frå 80-talet, og leggje meir offensive planar for framtida.

Om eg skal oppsummere kva tendensar og rørsler som sto blant ungdom store delar av 80-talet, vil eg gjere det gjennom følgjande stikkord:

- * Politisk passivitet.
- * Skepsis til politikarar og politikk.
- * Skepsis til sosialismen og kommunismen.
- * Individuelle løysningar på problem i samfunnet.

Den rådande ideologien gjekk i retning "Verda går til helvete. Det beste du kan gjere er å nyte livet når du no ein gong er her."

Fredsrørsla på byrjinga av 80-talet, som også organiserte mykje ungdom, nyanserer biletet av den passive og sjølvdiggende ungdommen på 80-talet. Det same gjeld Skoleaksjonen 82, og dei relativt store skolekampane som tross alt sto i 80-åra. Og det er også sånn at 80-åra vart innleila av gatekampene i Oslo natta til første mai, og kampane om ungdomshus i fleire norske byar.

På slutten av tiåret fekk vi også ein del tendensar som peikar ut heilt andre tendensar for 90-åra, men dette kjem eg tilbake til.

Som hovudtendens vil eg oppsummere at 80-åras ungdom har sett relativt små spor etter seg i det politiske landskapet, utsett at den mannlege delen av oss har bidratt til Fremskrittspartiet sin framgang i val.

Ved inngangen av 90-talet meiner eg vi ser heilt andre tendensar blant ungdommen; tendensar som peikar i retning av at 90-åras ungdom vil bli langt meir synlege som samfunnsmessig kraft.

Om eg skal oppsummere kva dei viktigaste tendensane vi som revolusjonær ungdomsorganisasjon må møte og forholde oss til, vil eg gjere det gjennom følgjande punkter:

1. Aktivisme.

Det er større politisk aktivitet blant ungdom i dag enn i storparten av 80-åra. Dette går for det første på den tydelege "to-delinga" av ungdommen. Den organiserte rasismen tving fram ei sterkare organisering av anti-rasistane. Høgrebølgen tving fram ei meir organisert og aktiv venstreside. Medan 80-åras ungdom samla seg i det kjedelege sentrum, ser 90-åras ungdom til å trekkje meir ut mot dei skarpare fløyene.

For det andre er det sånn at dei rørslene som er "i fokus" i sterkare grad krev aktivitet. Det gjeld særleg Natur og Ungdom, som eg oppfattar har ein filosofi som bygg på grunnplansaktivitet som hovudmetode i miljøkampen. Det gjeld også i sterk grad Blitzmiljøet i Oslo, som for ein stor del framstår som det mest aktivistiske og opprørske ungdomsmiljøet i Noreg.

Eg meiner altså at Raud Ungdom i mykje større grad må vere ein organisasjon for aktivistar dersom vi skal ha nokon plass i Noreg framover. Vi må gå i spissen for "front"-organisering utafor oss sjølv, og vi må sjølv bli meir aksjonistiske som orga-

Eg oppfattar Raud Ungdom i dag som ein organisasjon med sterke sekteriske trekk. Eg oppfattar også at sekterismen i utgangspunktet har grobotn i fleire av dei radikale ungdomsmiljøa. I Blitzmiljøet har det t.d. heile tida vore sterke tendensar til "elitetenking" rundt ulike aksjonar og demonstrasjonar.

Problemet med sekterismen er at han står i sterk motstrid til ei målsetjing om at fleirtalet skal ta makta og styre samfunnet. Om det er målet, må ein basere seg på ei forståing om at fleirtalet er dei verkelege heltane, og ha ein politikk som tek omsyn til dette.

Det er også sånn at "elitetenkinga" lett blir sjølvforsterkande. Om du meiner at "vanlege folk" er passive, late og dumme, brukar du gjerne ikkje mykje krefter på å vinne opplutning og få mange med på aktivitetane. Og når du då sjølv sagt får lite opplutning, og få blir med på aktivitetane, får du bekrefta trua di om "vanlege folk".

Å bekjempe sekterismen oppfattar eg difor som ei veldig viktig oppgåve for ein revolusjonær ungdomsorganisasjon framover. Og som ein del av dette er det heilt naudsynt å kvitte seg med dei sekteriske trekkene vi i dag har.

3. For sosialismen.

Eg oppfattar at hovudtendensen blant den aktive, radikale ungdommen er at dei ikkje trur på noko alternativ til kapitalismen, men dei vil likevel kjempe mot eit håplautt samfunn. Vår sosialismemodell er i hovudsak heilt "ut". I den grad sosialismen diskuterast blant den ungdommen er det i form av anarkistiske avartar, eller i form av SV sin utflytande kaldgrautmodell.

Samtidig er det sånn at det burde vere ein "marknad" for eit revolusjonært, sosialistisk alternativ blant denne ungdommen. Dei anarkistiske "det er håplautt"-linjene er jo relativt håplause i lengda; i alle fall for dei som vil drive eit meir framtidretta prosjekt. Og med den overansvarlege, stortingsfikserte kursen SV har valt, så må dei kome i alvorlege konflikhtar med den mest framskridne delen av den radikale ungdommen.

Men for at vi skal kunne kjempe for vårt alternativ, er vi for det første nøgd til å ta sosialismen meir på alvor sjølve. Det er sånn at den skepsisen folk har til "vår" sosialisme er ein veldig sunn og forståeleg skepsis, fordi alle sosialistiske eksperimentar hittil har gått rett til helvete. Vi er difor nøgd til å utvikle eit meir truverdig sosialismalternativ, som møter dei problema kapitalismen har i Noreg og verda i dag.

Eg trur ikkje vi kan utvikle eit sånt alternativ gjennom å "stenge oss inne på kammeret" og tenke lure tankar på sidelinja. Men eg trur at kampen for eit alternativ til kapitalismen i mykje større grad må prege alt vi gjer, og at dette alternativet må utviklast i høve til konkrete problem vi møter.

Det er også sånn at eit alternativ som i det heile skal kunne vere eit alternativ for framtida, er nøgd til å ta opp i seg dei perspektiva som miljøkampen reiser. Sosialismen har hittil ikkje vore tufta på ei økologisk forståing, og skal Raud Ungdom ha nokon sjanse framover er vi nøgd til ta miljøkampen mykje meir på alvor.

1. Kva skal Raud Ungdom vere.

Eg vil at Raud Ungdom skal vedta eit kort, politisk program på landsmøtet. Dette skal vere det politiske grunnlaget folk skal ta stilling til for å bli med i Raud Ungdom.

Hovudsida ved dette programmet skal vere at Raud Ungdom tek stilling til dei viktigaste kampene som står i dag, og peikar ut ei retning for sosialismen og kommunismen i Noreg ut frå dette.

Eg meiner at dette vedtaket skal innehalde nokre få "teoretiske" prinsipp, og at dette skal vere dei einaste prinsippa Raud Ungdom skal ta stilling til. Som hovudsida vil eg at også desse prinsippa skal knyttast til dei sakene og kampene vi held på med i dag.

Sentralstyrets mindretal la på siste møte fram ei GROV skisse av kva prinsipp dette programmet skal innehalde (sjå BV side 27), og eg er i hovudsak samd i dette framlegget.

I politisk innhald syns eg det viktigaste må vere at Raud Ungdom markerer motstand mot den omstillinga den vestlege kapitalismen gjennomfører i dag. Privatisering, marknadsdiktatur og EF sine fire "friheiter" vil bety eit meir udemokratisk og røtt samfunn for fleirtalet.

Det betyr også hardare utarming av 3. verda, aukande rasisme og miljørasering av heile kloden. Om jorda og menneska skal overleve inn i det neste hundreåret, føreset det radikale endringar av makttilhøva i samfunnet. Fleirtalet må ta makta for å sikre at interessen til fleirtalet blir teken omsyn til.

Eg vil at Raud Ungdom skal vedta eit slikt program fordi:

- * Eg vil at Raud Ungdom skal klargjere for oss sjølv og omverda kva som er dei viktigaste tinga Raud Ungdom står for, og kva som er dei viktigaste måla våre.
- * Folk skal vite kva dei tek stilling til når dei meld seg inn i organisasjonen, og dei skal vite kva aktivitetar dei skal vere med på.
- * Eg meiner desse tinga er veldig uklære idag. Dette meiner eg hindrar oss både i å synleggjere Raud Ungdom politisk, og det hindrar oss i å verve nye medlemmar.

Eg vil vedtaket skal vere kort og lite omfattande fordi:

- * Eg vil at Raud Ungdom skal vere ein revolusjonær ungdomsorganisasjon, ikkje eit kommunistisk parti.
- * Med dette meiner eg at Raud Ungdom skal vere breiare og "lausare i forma" enn AKP(m-l). Krava til kva du må ta standpunkt til for å bli medlem skal vere mindre omfattande.
- * Eg vil at Raud Ungdom skal vere ein organisasjon som fortrær kommunistar. (Og nokon som ikkje blir kommunistar.)

- * Dette betyr at folk skal fostrast og ta stilling til mange ting etter at dei har blitt medlem.
- * Dei tinga du skal ta stilling til før du blir medlem er først og framst dei viktigaste tinga Raud Ungdom står for i dag.

Eg ikkje vil byggje på AKP's prinsipp-program fordi:

- * Eg vil at Raud Ungdom skal vedtektsfeste at vi er ungdomsorganisasjonen til AKP, og at vi skal drive kontinuerlege studiar i det politiske grunnlaget til m-l-rørsla.
- * Med dette oppfattar eg at Raud Ungdom seier at vi vil gå i same hovudretning som moderpartiet, og at vi i grove trekk er samd med AKP's politiske grunnlag.
- * Men eg syns det er eit viktig prinsipp at Raud Ungdom sine medlemmar skal avgjere Raud Ungdom sitt politiske grunnlag.
- * Eg syns det vil vere rart om organisasjonen skal byggje på ein politikk som medlemmane ikkje tek stilling til, og eg syns at AKP's prinsipp-program er eit altfor omfattande grunnlag for Raud Ungdom å ta stilling til.

Eg vil at prinsippa skal "bakast" inn i politikken fordi:

- * Eg oppfattar at dei viktigaste prinsippielle usemjene viser seg gjennom dei konkrete standpunkta vi tek til kampar i dag.
- * Det er viktigare at Raud Ungdom støttar den væpna frigjeringskampen i den tredje verda i dag, enn at vi prinsippfestar væpna revolusjon i Noreg.
- * Eg vil at politikken for framtida skal diskuterast og studerast i Raud Ungdom, men eg vil ikkje ha detaljvedtak på alt som kan bli aktuelt under og etter ein revolusjon.
- * I og med at sosialismen ikkje kan vise til eit einaste velukka forsøk i dagens verd, syns eg det er viktigare at Raud Ungdom tek alvorleg på diskusjonane om korleis fleirtalet kan styre, og at det er rom for ulike oppfatningar om dette.
- * Raud Ungdoms viktigaste oppgåve skal vere å utvikle ein revolusjonær politikk for i dag, og gjennom dette avsløre at kapitalismen berre kan styrtast gjennom revolusjon og sosialisme.

Som eg sa i forrige innleiinga, oppfattar eg dogmatismen som eit av dei problema Raud Ungdom strir med i dag. Dogmatismen står i sterk motsetning til å kome på offensiven i ein ungdomsgenerasjon som ikkje lenger trur blindt på dei enkle løysningane og dei lettvinte sitata.

Den situasjonen som har vore dei seinare åra; kor studiearbeidet i Raud Ungdom har kome veldig i bakleksa, meiner eg har avla fram eit slurvete og billeg tilhøve til teori i organisasjonen.

Eg klarar ikkje heilt å ta på alvor dei folka som meld at det er eit vere eller ikkje-vere for Raud Ungdom at vi erklærer oss som marxist-leninist-maoistar - samtidig som dei ikkje har opna ei bok av Mao sjølve. Det minnar meg for mykje om dei som påstår at Gud er God, utan at dei har gidda å opne bibelen nok til å undersøke om det verkeleg er slik.

Eg ser ikkje poenget i å erklære oss som tilhengjarar av teoretikarar og teoriar som berre eit mikroskopisk mindretal av oss har lese noko om og av. Eg syns det er mykje viktigare at vi driv studiar av desse teoriane, og dette meiner eg skal inngå som ein viktig del av planane våre framover. For eg vil at Raud Ungdom skal vere ein organisasjon som fostrar kritiske marxistar; og då inngår studiar i det teoretiske grunnlaget for marxismen-leninismen som ein viktig del av Raud Ungdom sin praksis.

2. Kven skal vere medlemmar av Raud Ungdom.

Som sagt vil eg at mange fleire skal bli medlemmar av Raud Ungdom, og at krava til å bli medlem skal bli klårare og mindre omfattande enn i dag. I utgangspunktet tenkjer eg sånn at eg vil at dei unge og nye medlemmane i større grad skal få rom til å leggje premisa i organisasjonen. Dette betyr at organisasjonen først og framst må fungere som eit "støttesenter" for medlemmane, og at "krava til medlemskap" blir eit mindre viktig emne.

Men for å unngå misforståingar og uklarheit skal eg leggje fram kva eg meiner det skal bety å vere medlem i Raud Ungdom; eller kva som skal vere krava til medlemskap:

- * Vere samd i dei viktigaste tinga i Raud Ungdom sitt program.
- * Godkjenne Raud Ungdom sine vedtekter og betale kontingent.
- * Delta i Raud Ungdom sin praksis og studiar.

I dette legg eg at eg syns det er vel så viktig at Raud Ungdom sine medlemmar deltek i Raud Ungdom sine aktivitetar og at dei deltek i klassekampen i Noreg, som at dei er "teorieksperter" før dei meld seg inn i organisasjonen. Eg syns teori er veldig viktig, men ikkje i form av enkle sitat og lettbeinte prinsipp.

Eg legg også i det at eg vil ha eit mykje meire utadventt Raud Ungdom. Dei viktigaste aktivitetane våre skal vere utadventte; og eg vil ha mange fleire offentlege og synlege Raud Ungdommarar.

Sjølvs meiner eg at vi kunne ha hatt godt av at vi i nokre år omtrent kutta ut alt av interne møter og arrangementer, og berre arrangerte opne møter og konferansar som vi mobiliserte mest mogleg folk til å kome på. Eg er sikker på at politikken vår vil bli mykje betre om han blir utvikla i diskusjon og kamp med andre retningar, i staden for den rugekassa Raud Ungdom av og til kan minne om i dag.

3. Kva skal Raud Ungdom gjere.

Eg meiner at det viktigaste målet Raud Ungdom må setje seg på dette landsmøtet, må vere å bli ein organisasjon som skarpt og tydeleg still seg i spiss for ein meir heilheitleg kamp mot kapitalismen.

Det interessekamarbeidet vi driv i dag er ein viktig del av dette, og vi må setje oss som mål at fleire av våre medlemmar skal delta i ulike frontar. Eg vil også markere at eg er for å halde på målsetjinga om at alle skole-elevane i Raud Ungdom skal drive med skolepolitisk kamp.

Men dersom ikkje Raud Ungdom blir noko meir enn ein fraksjon av ulike frontaktivistar kan eg ikkje sjå at vi har noko plass i Noreg, og eg vil difor leggje størst vekt på dette no. Raud Ungdom må utvikle ein skarpere anti-kapitalistisk profil, og setje eit heilheitleg samfunn opp mot det vanviddet vi ser rundt oss i dag.

Den viktigaste endringa eg vil ha av Raud Ungdom er den som er skissert i byrjinga av innleiinga, om korleis Mona kjem i kontakt med Raud Ungdom i 90-åra. Overalt skal vi vere, med argumenter, løpesetlar og aksjonar som avslører for eit pyton system kapitalismen er, og som viser at det faktisk er heile systemet det er noko feil med.

Når kapitalistlakeiane syng det velkjende refrenget om marknaden sine herlegheitar, skal vi vere der med ein annan song - ein song som viser sanninga om diktaturet og armoda i marknaden. Ein song som viser andre vegar for framtida, vegar som er tufta på folk sine interesser.

Eg syns altså at Raud Ungdom bør vedta ein plan som sikrar ei skarpere og klårare profilering av Raud Ungdom og kampen for sosialismen i Noreg. Heilt materielt er det sånn at dersom Raud Ungdom ikkje klarar å verve ein del fleire medlemmar vil vi rett og slett forsvinne frå kartet. Tilbakegangen har vore så stor og vart såpass lenge at vi er på grensa allereie i dag.

Men det er også sånn at eit stort og sterkt Raud Ungdom som deltek i kampane i Noreg faktisk vil kunne bety ei styrking av desse kampane. Dette både fordi ei sterk kraft til venstre for "det etablerte" vil presse dei politiske premessa til venstre. I dag er det ingen som utfordrer dei grunnleggjande premessa om marknaden si velsigning - eit sterkt Raud Ungdom vil gjere det.

Men også fordi det er ein viktig skilnad på om 10 Raud Ungdommarar jobbar i YLI sitt sentralapparat, eller om 500 Raud Ungdommarar jobbar på YLI sitt grunnplan. 500 Raud Ungdommarar "på botn" vil heilt sikkert kunne styrke YLI som ein grunnplansstyrt aktivistorganisasjon, det er verre for dei ti på toppen å få dette til.

Sjølv og eg no vil leggje hovudvekta på ein plan for å profilere Raud Ungdom, meiner eg at frontarbeidet skal vere ein viktig del av Raud Ungdom sine planar. Eg er for å halde på ei sær eigen prioritering av skolearbeidet, men eg er for å gje større rom for mangfald i kva andre kampar vi skal delta i.

Dette meiner eg går på diskusjonen om at laga i større grad må leggje premessa for dei konkrete planane, ut frå kva kampar som faktisk står på kvar stad, og ut frå kva krefter vi har. Og eg meiner det går på å utvikle ein politikk som faktisk knytt dei ulike kampane saman i ei heiling.

Svik ikke, kamerat!

Svik ikke, kamerat!
I natteregnet
slåss en afghansk soldat.
Slåss han aleine?
Hører du Polens sang:
«Vi er i fare.
Støtt oss, vår kamp blir lang.»
Skal noen svare?

En gang blir dagen hel.
Slutt på å selge
bitèr av kropp og sjel.
Slutt på å telle
frikveldens hjertebank,
harde og forte.
Hvem holder drømmen blank
om du blir borte?

Stjernene blekner nå.
Svart natt i vente.
Går du, hvem holder så
lyktene tente?
Mørke og bitter frost
klarer vi sammen.
Svik ikke, bli på post.
Slokk aldri flammen!